

Møtereferat

Dato: 2018-11-05	Stad: Dale	Tid: 08:30-10:10
-------------------------	-------------------	-------------------------

Møteleiar: Arne Kringlen	Referent: Ann Sissel Heilevang
---------------------------------	---------------------------------------

Til stades:	Tema:
Formannskapet, Gaute Lundeland, Connie Hovland (var med den siste halvtimen), Arne Kringlen og Ann Sissel Heilevang	Orientering kommuneplan for Fjaler

Rolle/Ansvarsområde:
Kommunen sender over dekningskart

Arne Kringlen orienterte politikarane om korleis gjeldande arealdel er, status og framdrift med ny plan og kva føringar som blir lagt til grunn i arbeidet. Det var høve for politikarane å kome med innspel undervegs i presentasjonen for å bl.a. sei noko om kva dei ynskjer at den nye plana skal løyse.

Politiske tilbakemeldingar/drøfting:

Det vil vere ulike fokuspunkt i ulike delar av kommunen. Ei bygd vil for eksempel ha andre prioriteringar enn innanfor tettstadane. Og ved siling av innspel må ein tenkje over dette slik at innspel ikkje vert forkasta til tross for låg prioritering i arbeidet.

I dag er det ingen som får byggje pga. strandsoneproblematikken (Hellevika). Den nye plana må finne løysingar for dette.

I ny plan må ein tenkje langsiktig. Dei unge får gjerne tomt av foreldra som ikkje er regulert for utbygging. Gjeldande arealdel set ein stoppar for dette. Hus nr. 2 på garden vil løyse ein del av dette problemet.

Opne opp for spreidd utbygging utanfor bygdesentera.

Signal frå samfunnsplanen er smart då det er peika på nokre områder som potensielle utbyggingsområde. For kommunen sin økonomi er det smart å styrke bygdesentera. God utvikling i dei tettstadane som vi allereie har i dag

Ein kan sjå på Askvoll som eit godt eksempel som har fått til utbygging i bygdene.

For dei som ikkje har gardstilknytning vil trenge eit fellesskap når dei flyttar. For tilflyttarar er det større fokus på attraktivitet. Med attraktive tomter er det meint god veg, breiband/fiber, mobildekning, utsikt, nærleik til sjø og liknande. Dette viste seg også då dei hadde verkstad for utviklingsgruppe i Guddal. I arealdelen kan ein leggje til grunn dekningskartet over kommunen som viser kvar på tomta det vil vere best dekning for breiband og mobil.

Kommunen har ei bu-utfordring med negativ utvikling. Eit tiltak for busetjing kan vere å leggje opp til moglegheit for «prøve-bu». Dei som har lyst til å flytte til ein bygd kan leige noko (hus, leilegheit) i ein periode for å teste ut om det er ein plass dei kan trivast før dei ev. kjøper noko eige.

Ulike bustader i ulike livsfasar.

Tilgang til sjø er viktig når folk vil busetje seg i ein kystkommune. Fjaler har mange private reguleringsplanar, og dei beste tomtene blir regulert til hytter. Dei flottaste tomtene burde og bør bli regulert til bustadtomter.

Regulere sjøbu og anna i strandsona.

Det er tankar om å utbetre fv. 607, men planlegginga er ikkje i gang. Dette bør kome med i overordna strategisk arealbruk.

Kartlegge viktige turvegar.

Bruke områda på gardane i staden for at dei blir lagt brakk.

Det er ikkje noko i vegen for å leggje til rette for LNF- spreidd innanfor strandsona, men at det då blir lagt ekstra føringar i føresegnene, som for eksempel kor mange meter frå strandsona det kan byggast.

Det kan vere mogleg å opne opp for utbygging innanfor diverse faresoner, men då med krav om at det må gjennomførast detaljerte kartleggingar i samband med reguleringsplan eller byggjesak, avhengig av type tiltak. Kommuneplanen viser potensiell fare på overordna nivå, medan det for seinare reguleringsplan og byggjesak skal tryggleiken vere tilstrekkeleg dokumentert. Men utgangspunktet er at ein skal unngå å opne opp for utbygging i fareområder i kommuneplanen, for nokre område vil det likevel vere sterke ynskje om utbygging. For eksisterande busetnad som ligg innanfor fareområder bør det gjennomførast nærare undersøkingar. For desse områda vil det vere grunneigarane som bestiller kartlegging/sikringstiltak.

På folkemøta er det planlagt at folk skal få jobbe i grupper (5-7 stk.) Utfordringa er å få alle delar av befolkninga med på møta, spesielt ungdom. Ein kan utfordre skulane til å gi elevane fri eit par timar i skuletida for at dei skal bli med på møta på kveldstid. I tillegg til å gi ut informasjon til grendelaga om kor viktig desse møta er.

Det kan vere ein del utrydningstruga artar som ikkje er registrert i kommunen, og det bør kome på plass ny kartlegging der ein veit det er mykje dyreliv. Det vart gjort naturtyperegistrering i 2004 som erstatta EDNA, men det er delar som ikkje er registrert. Input frå fylkesmannen og kartleggingar i Artsdatabanken blir viktig å legge til grunn i arbeidet. Det også ein del kulturminne som ikkje er registrert i Askeladden. Ved ev. utbygging av områder blir det krav frå fylkeskommunen om arkeologisk registrering før det vert gjort løyve til tiltak.

Etter gruppearbeid på folkemøta vil ein leggje opp til å diskutere i plenum. Og etter møta blir det laga ei oppsummering/resultat frå kvart møte, og kommunen får gjere det dei vil med dette. Om det er noko ein skal gå vidare med eller forkaste.